

Over 200 møtte til infomøte og frivilligsamling.

27.06.2018



Meir enn 200 møtte fram til infomøte og frivilligsamling på Dønhaug i kveld.

Ingen Festidal utan frivillige. Velkomen inn i Festidal familien var opningshelsinga til styreleiar Bjørn Olav Tveit til vel 200 frammøtte på Dønhaug i kveld. Vertsskapsrollen er viktig. Alle festivalgjester skal få ei kjensle av inkludering og det å føla seg velkomne. Festidalen er open for alle med open aldersgrense og vergeordning. Slik vil vi ha det, Tveit, men det set krav til vakthald og årvakenhet.

Nytt i år er at inngangen er flytta nærare festivalområde. Det er gjort for å betra kontakten med konsertområde og korta ned avstanden til utgangen. Det er avsett eit alkoholfritt område for dei som ynskjer meir ro og plass saman med borna sine.



Inngangen er flytta nærare festivalområde. Bilete syner nokre av dei som skal stå for vergeordning, innsleding og billettsal. Ragnhild Løland og Anita Grude er ansvarlege for denne gruppa.

Frivilligansvarleg Mona Enes og Lene Gjuvsland hadde ei grundig og god innføring i det å vera frivillig. Mona og Lene jobbar i festivalteamet på årsbasis og har kontakten med alle frivillige fordelte på over 10 grupper og ansvarsoppgåver. Alle er sett opp i ei gruppe med gruppeleiar. Vaktene ruller og det er lagt inn matpause og tid til å høyra på musikken.

Etter felles informasjon gjekk alle i grupper og fekk ei detaljert innføring. Det er innleigd profesjonelt vaktsselskap som tek alle uønska hendingar og meir kompliserte tilfelle. All sikkerhet og beredskap synest å vera godt ivareteken.

Teskt/foto/nett: Kristian Bringedal



Frivilligsvarleg Lene Gjuvsland og Mona Enes er godt n gde med rekrutteringa av frivillige.